

Vaksine mot koronavirus

– Nuvaxovid (Novavax)

Koronaviruset gjev sjukdom i luftvegane. Mange får ingen eller milde symptom, men nokon blir alvorleg sjuke. Dei eldste og dei med enkelte andre sjukdomar frå før har størst risiko for å få alvorleg sjukdom eller å døy. Vaksinen beskyttar mot alvorleg koronasjukdom.

Kven kan få denne koronavaksinen?

Tilbodet om koronavaksine gjennom nasjonalt vaksinasjonsprogram gjeld personar som oppheld seg i Noreg. Vaksinen er gratis og vaksinasjon er frivillig.

Sjå informasjon på nettsidene til kommunen din om kven som får tilbod om vaksine, korleis det blir gjennomført og kva tid det skjer.

Slik går vaksinasjonen føre seg?

Vaksinen blir sett i overarmen. Før vaksinasjonen vil du få spørsmål om du er frisk, og om du har hatt reaksjonar på andre vaksinar du har fått tidlegare. Hugs å seie frå til dei som jobbar ved vaksinasjonsstaden dersom du har hatt koronasjukdom eller har fått koronavaksine tidlegare, er gravid, har allergi, brukar medisinar eller har andre helseproblem. Følg retningslinjene for talet på dosar og intervall som gjeld for gruppa di. Dette hjelper dei som jobbar på vaksinasjonsstaden deg med. Det er viktig å ta dosane til oppsett tid. Det er vanleg å utsetje vaksinasjon ved akutt sjukdom og ved feber over 38 grader. Etter vaksinasjon vil du bli beden om å vente på vaksinasjonsstaden i minst 20 minutt.

Korleis verkar denne vaksinen?

Vaksinen er ein proteinbasert vaksine som byggjer på ein tradisjonell vaksineteknologi. Han inneheld ein variant av dei typiske piggane (spike-proteinet) på koronaviruset som immunforsvaret kan trene seg på. Vaksinen inneheld også eit nytt hjelpestoff (adjuvans) som bidreg til å forsterke kroppen sin eigen immunrespons. Sånn lærer kroppen seg å kjenne igjen og forsvare seg mot ekte koronavirus om ein seinare blir smitta. Vaksinen inneheld ikkje levande virus og gjev ikkje koronainfeksjon. Koronavaksinen verkar førebyggjande. Han kan ikkje kurere koronasjukdom ein allereie har fått.

Kor godt verkar vaksinen?

Vaksinen beskyttar mot alvorleg koronasjukdom. Vaksinane beskyttar ikkje fullstendig mot å bli smitta eller smitte vidare. Difor er det framleis viktig å følgje gjeldande smittevernråd.

Biverknader

Dei aller fleste biverknadene oppstår dei første dagane etter vaksinasjon. Symptoma er oftast milde til moderate og går over etter nokre dagar, men somme får kraftigare symptom. Yngre personar får ofte litt kraftigare biverknader enn eldre. Dei vanlegaste biverknadene er smerte på stikkstaden, trøytteleik, muskel- og leddsmerter, hovudverk, ei uvel kjensle, kvalme og oppkast. Nokre får feber, då oftast etter andre dose. Generelt er det noko meir biverknader etter andre dose enn etter første dose. Frå vaksinstudiane ser det ut til at Nuvaxovid gjev noko mildare biverknader og at dei varer kortare enn etter vaksining med mRNA-vaksinane. Ein kan ikkje utelukke veldig sjeldne biverknader eller biverknader som oppstår etter lang tid.

Kva gjer eg om eg får biverknader?

Om du opplever uventa, kraftige eller langvarige symptom bør du kontakte lege eller anna helsepersonell for vurdering og råd. Det gjeld uavhengig av om du trur det kjem av vaksinen eller ikkje. Helsepersonell har plikt til å melde frå om alvorlege eller ukjende reaksjonar som dei mistenkjer kjem frå vaksine. Du kan også sjølv sende inn melding via helsenorge.no

Kva vaksinar har eg teke?

Når du får koronavaksine, blir dette registrert i Nasjonalt vaksinasjonsregister SYSVAK. Opplysningane finn du på helsenorge.no

Vil du vite meir?

Spør gjerne legen din, dei som vaksinerte deg eller anna helsepersonell. Sjå også nettsidene til Folkehelseinstituttet: www.fhi.no/kvp